

Advokatfirmaet Vikse AS
Postboks 95
3101 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18614 - 20/80433

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
17.12.2020

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 322/77 Mjåtveit

Tiltak: Oppretting av grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 322/77
Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B16 AS
Ansvarleg sækjar: Rygir Tomteutvikling AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknadsskjema for oppretting av matrikkeleining er mangelfult utfyllt.
2. Det må sendast inn ny situasjonsplan der det klart går fram grensene for dei nye grunneigedomane. Bruk gjerne vedlagt kart som grunnlag for situasjonsplanen.
3. I følgjebrevet til søknaden står det « Det omsøkte arealet utgjør fem parseller som ønskes opprettet som en grunneiendom/matrikkelenhet.» Dette er uklart. Det må gå klart fram kor mange, og areal på kvar, grunneigedom som vert søkt om oppretta. Fyll inn i punkt 11 i søknadsskjema.
4. Om det skal opprettast ein grunneigedom, eller teig av grunneigedom, heilt inntil eigedomsgransene for gbnr 322/273 (parsell A), må eigarane av denne eigedomen nabovaslast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.01.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

322-77-Kart

Mottakarar:

Advokatfirmaet Vikse AS

Postboks 95

3101 TØNSBERG